

– I prinsippet det same som Pokémon Go

Joar Hystad

Publisert: 18.SEP. 2016 09:00 Oppdatert: 18.SEP. 2016 09:00



«2v» og «BenteB» kom heilt ifrå Haugesund for å vera med på geocaching i Kollevåg i helga. FOTO: Joar Hystad

Steinar Moen introduserte geocaching for nordmenn i 2001. 15 år seinare har han fått med seg rundt 30.000 andre på laget.

Laurdag 10. september samla rundt 50 geocacherar seg i Friluftshuset i Kollevåg. Etter eit miniforedrag signert mannen som introduserte geocaching for nordmenn for 15 år sidan, Steinar Moen, var det ut på leit etter dei geografiske punkta.

- **Les også: Nå kan eldre også være med i sykkel-VM**
- **Les også: «Jeg kan fortsatt dø når som helst, men det blir i det minste ikke alkoholen som tar livet mitt»**

Brukar alias

– Dette er både kjekt og sosialt. Ein får reisa til nye stader, og ikkje minst er det ein aktivitet der ein får brukt kroppen, seier «BenteB» som ho kallar seg.

”Det er ein måte å koma seg opp av sofaen og ut i naturen på

Geocacherar brukar nemleg alias. Ved sida av «BenteB», står «2v». Deira eigentlege namn er Bente Brosvik Skattkjær og Tove Brosvik. Og ja, du gjetta riktig. Dei to geocacherane er systre.

– Me kjem frå Haugesund, og ser fram til å sjå naturen her på Askøy, seier Tove, som byrja med geocaching allereie i 2002.

Bente heiv seg med tre år seinare.

– Sidan den gong har me funne geocachar over heile verda. Me har vore i alt frå England til Sør-Korea, seier ho.

LES OGSÅ



Elskar du bygda di? Då må du ta kontakt med oss!

Askøyværingen skal ut på bygdeturne. Kva bygda skal me besøka først – og ikkje minst: Kvifor skal me besøka akkurat di bygda?

60.000 geopunkt

I 2001 plasserte Steinar Moen ut det første geocachepunktet i Noreg. 15 år etter finst det om lag 60.000 slike punkt rundt omkring i landet, og ein reknar med at rundt 30.000 held på med geocaching.

19.9.2016

– Det har utvikla seg til å bli ein morosam sport, seier Moen, som godt forstår at folk dreg parallellar mellom geocaching og spelsuksessen som har teke verda med storm dei siste månadane, nemleg Pokémon Go.

– I prinsippet det same som Pokémon Go - Askøyværingen

– Absolutt. Prinsippet og føremålet med dei to spela, er dei same. Det er ein måte å koma seg opp av sofaen og ut i naturen på. Og så inspirerer det til mosjon og friluftsliv, seier Moen.

[Følg Askøyværingen på Facebook!](#)

VIS KOMMENTARER

DETTE ER GEOCACHING:

- Ein internasjonal gratisaktivitet som kan samanliknast med til dømes Pokémon Go eller den meir tradisjonelle idretten orientering. I staden for kart og kompass, brukar ein GPS når ein skal finna fram i terrenget.
- I Noreg er det plassert ut om lag 60.000 «cacher» – altså geocaching-punkt – og på kvart punkt skal det finnast ein vasstett boks med loggbok i. Den første geocachen i Noreg blei plassert ut av Steinar Moen i 2001.
- Etter å ha leita etter utplasserte cacher, lastar ein inn koordinatane på ein GPS eller mobiltelefon med GPS-sendar og mottakar, før ein går ut og finn det aktuelle punktet og skriv seg inn i loggboka.
- Når ein kjem heim, kan ein registrera funnet i databasen for geocacher på internett. Ein kan også leggja igjen ei helsing eller nyttig informasjon til den eller dei neste som skal finna posten.

LES OGSÅ



Fjell kommune: Mener Askøy misforstår

[Les mer](#)



Skolesjefen: Vi har ikke lagt ned noe tilbud

[Les mer](#)



Tidligere elever frykter en fremtid uten alternativ skole

[Les mer](#)



– I prinsippet det same som Pokémon Go

[Les mer](#)



Bestemte seg då ho var elleve

[Les mer](#)



Johnsen satte askøyrekord

[Les mer](#)